

postmottak@kud.dep.no

[Dykker ref.]

[Vår ref.]

Salhus, 04.09.2024

Innspel til klima- og miljømål i kultursektoren

Vi takker for moglegheita til å komme med både munnleg og skriftleg innspel til nasjonale klima- og miljømål for kulturen. Dette er tema som er særleg relevant og viktig for Museumssenteret i Hordaland (MUHO).

Munnleg innspel til Kulturdepartementet frå MUHO 2.9.2024

Elisabeth Halvorsen fra Museumssenteret i Hordaland (MUHO). Jeg vil kort presentere noen av punktene vi spiller inn i arbeidet med klima – og miljømål, og hvordan sektoren og spesielt museene som jeg representerer, kan være aktive pådrivere i den grønne omstillingen.

Kulturens rolle i klima- og miljøarbeid

Vi kan bidra til å skape engasjement og bevissthet rundt miljøspørsmål på en måte som få andre sektorer kan. Gjennom kunst, historie og formidling kan vi inspirere til endring og utfordre folk til å tenke nytt om hvordan vi lever og forvalter våre ressurser. Hos oss ønsker vi å vise at bærekraft er mer enn et tomt moteord – men en grunnleggende del av alt vi gjør, fra utstillinger og arrangementer til daglig drift og langsiktig planlegging av prosjekter.

Jeg vil trekke frem 5 områder som viktige inn i målarbeidet:

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

post@muho.no
55 25 10 80

Org. nr. 971 349 743

muho.no

1. **Kultursektoren skal være bærekraftig:** Vi må sikre at alle deler av kultursektoren drives på en miljøvennlig måte, inkludert bygninger, arrangementer og daglig drift.
2. **Kultursektoren skal bidra til kutt i klimagassutslippene og verne om naturmangfoldet i Norge:** Vi skal ta ansvar for egne utslipp, men også bidra til at andre sektorer øker tempoet i sin grønne omstilling. Selv om våre direkte utslipp er små, har vi stor påvirkningskraft.
3. **Kultursektoren må spille en ledende rolle som arena for kunnskap, formidling og samtale om et bærekraftig klima og miljø:** Vi må bruke våre plattformer til å engasjere publikum i samtaler om klima og miljø og inspirere til bærekraftige valg gjennom kunst, historiefortelling og interaktive opplevelser.
4. **Mangfoldet i kultur- og naturarven i hele Norge må ivaretas:** Vi må fremme en kunnskapsbasert og bærekraftig forvaltning av våre kultur- og naturressurser. Ved å bevare vår rike kultur- og naturarv, kan vi bruke denne kunnskapen til å fremme bærekraftige valg i dag og for fremtiden.
5. **Krav til bruk og ombruk av bygninger og bygningsmaterialer:** Museene kan ta en aktiv rolle som læringsarenaer, og å fremme ombruk, gjenbruk og bruk i nye og eksisterende bygninger og i restaurering av kulturhistoriske bygninger. Museene tar vare på nesten halvparten av de best bevarte vernede bygningene i landet, nesten 5 000 i alt. Disse representerer ikke bare en fysisk arv, men er også immateriell kunnskap om tradisjonell byggeskikk og håndverksteknikker. Ved å bevare og dele denne kunnskapen kan vi bidra til en fremtid der vi bygger og restaurerer med respekt for både miljøet og vår kulturarv.

Vi har satt i gang flere konkrete prosjekter i museet som kan bidra til grønn omstilling:

- **Naturrom Lygra:** På Lyngheisenteret jobber vi med å etablere et nytt utstillingsbygg som skal formidle ressursbruk og bærekraftige løsninger. Innholdet er basert på forskning og tallmateriale fra regionen, og vi vil bruke denne kunnskapen som nav i fortellingen om bærekraftig landskapsforvaltning og hvordan det kan være en del av løsningen på dagens klimautfordringer. Vårt veletablerte samarbeid med eksterne forskningsprosjekter, og regionen sin status som et UNESCO Biosfæreområde, skaper unike muligheter for at publikum kan møte og ta del i produksjonen og anvendelsen av ny kunnskap.
- **Lavenergi fellesmagasin:** På vegne av museene i gamle Hordaland jobber vi med å få realisert et nytt, felles lavenergi magasin på rundt 9000 m², etter modell fra danske og nederlandske prosjekt.

M U H O

- **Utstilling om tekstilindustrien:** *Med den fredete tekstilfabrikken i Salhus som ramme, er vi i gang med å utvikle ny basisutstilling som både skal gi kunnskap om tekstilbransjen i dag, dens utfordringer, men også være et verksted og møteplass for alle som ønsker å lære og dele handlingsbåren kunnskap, som viktige bidrag i arbeidet med grønn omstilling.*

Avslutning

For at vi skal lykkes med dette, er det avgjørende at staten bidrar med nødvendige ressurser og rammebettingelser, støtte til prosjekter som leverer på klima- og miljømål, og en tydelig prioritering av bærekraftige tiltak i fremtidige tildelinger og satsinger. Vi forventer at det omfattende arbeidet museer i hele landet gjør for å ivareta viktige kultur- og naturmiljøer, må ansees som del av den grunnleggende forvaltningen i museumsdriften. Bare gjennom et tett samarbeid mellom forvaltningen, kultursektoren og publikum kan vi skape et mer bærekraftig samfunn for fremtiden.

Skriftleg innspel frå MUHO

Kultur og natur er uløyseleg knytt saman. Dei fleste formar for kulturell verksemnd vil innebere at ein nyttar naturressursar, anten som ein del av sjølve drifta av ulike tilbod eller aktivitetar og bygningar, eller ved at verksemda indirekte har konsekvensar for miljø og klima, til dømes gjennom reiseverksemnd eller kulturopplevelingar knytt til naturen. Det internasjonale naturpanelet (IPBES) presiserer at berekraftsmåla ikkje kan nås dersom tap av naturmangfold held fram i same grad som no. Miljømessig berekraft krev at vi gjer nokre grep slik at miljøet rundt oss kan bestå, og levere dei funksjonane som vi og andre artar er avhengige av og har glede av, både no og i framtida. For å skape miljømessig berekraft må vi redusere klimagassutslepp og tilpasse oss endringar i klimaet. For kultursektoren tyder dette mellom anna at vi må reisa og leve annleis, nytte areala våre på ein betre måte og forvalte naturressursane. I tillegg er kulturhusa, musea, biblioteka og friluftslivsorganisasjonane viktige arenaer for å tenke nytt og for å stimulere til tankar om korleis ein kan auke utsleppskutt og kva som må til for å redusere vår ressursbruk.

Musea er viktige når det er snakk om kulturen si rolle knytt til klima- og miljø. Dei skal vere relevante opp mot dagens samfunnsutfordringar og blir som del av kultursektoren oppmoda om å ta si del av ansvaret for å nå FN sine berekraftsmål. For musea er

M U H O

delmål 11.4. "verne og sikre verdas kultur -og naturarv" eit av dei viktigaste. Museumssenteret i Hordaland (MUHO) har programerklært at vi har store ambisjonar når det gjeld å bidra med vår kompetanse knytt opp mot det grøne skiftet. Det betyr i praksis at vi satsar på museumsprosjekt som rettar merksemda mot sentrale klima- og berekraftspørsmål innanfor tekstilindustrien, forvaltning av kulturlandskap og ressursforvaltning gjennom praksis og forsking, samlingsforvaltning og migrasjon. I tillegg er vi sertifisert Miljøfyrtårn og har mellom anna sett oss som mål å halvere straumforbruket i verksemda.

1) Innspel til arbeidet med klima- og miljømål for kultursektoren

- **Kultursektoren skal vere berekraftig**

Kultursektoren skal bidra til kutt i klimagassutsleppa og verna om naturmangfaldet i Noreg. Kultursektoren skal ta ansvar for utslepp og naturpåverknad som skjer som følgje av aktiviteten i kultursektoren, og bidra til at andre store utsleppsektorar som til dømes industri, olje og gass aukar tempoet i den grøne omstillinga. Kultursektoren sin eigen direkte negative naturpåverknad og klimagassutslepp er, samanlikna med dei store sektorane sine, mindre. Samstundes må alle sektorar og samfunnsområde bidra med det dei kan, og sjølv ta ansvar for ei berekraftig utvikling. Kultursektoren samla sett representerer ei rekke aktivitetar der ein kan gjere tiltak for å redusere miljøpåverknaden og minske klimagassutsleppa. Dette inkluderer, men er ikkje avgrensa til, redusert reiseverksemnd, meir miljøvenlege transportmidlar i samband med bruk av kulturtilboda, skånsam bruk av naturen i samband med friluftslivet, samt dagleg drift og arrangement.

- **Kultursektoren skal spele ei leiande rolle som arena for kunnskap, formidling og samtal om eit berekraftig klima og miljø**

Berekraftig utvikling føreset kunnskap, engasjement og medverknad frå det breie lag av befolkninga (jf. Farokonvensjonen). Gjennomslagskrafta for klima- og miljøtiltak er også knytt til at vi lukkast med ei sosial og økonomisk berekraftig utvikling. Trygge, rause og gjennomsiktige lokalsamfunn gjer at kulturelle aktivitetar også kan vere ein arena for utvikling av oppslutning rundt klima- og miljøtiltak. Kultursektoren har eit særleg godt utgangspunkt for å ta ansvar for å setje klima- og miljøutfordringane på dagsorden, og vi nyter stor tillit i befolkninga. Kunst, historieforteljing, framsyningar, museum, arrangement og festivalar kan ha ei viktig rolle i å skape merksemnd og debatt om korleis vi skal løyse klimautfordringane. Sektoren sit også på mykje historisk

M U

H O

kunnskap om miljø og menneskeleg påverknad på miljøet, som kan gjerast relevant i dagens situasjon. Musea forvaltar viktige kulturlandskap, og til dømes er alle semi-naturlege landskapa no raudlista, og det er ulønsamt og arbeidskrevjande å forvalte dei heilskapleg. Norske museum har lenge vore viktige for å bevare desse landskapa og kunnskapen om berekraftig matproduksjon. Kulturen må ta del i meiningsdanning og kritisk refleksjon kring klimaspørsmåla i dagens samfunn. Kultursektoren er i tillegg i sitt vesen eit kreativt felt, og kan vere med i å finne løysingar på produkt, tenester, praksis og fremje verdiar som kan bidra til berekraftig utvikling.

- **Mangfaldet i kultur- og naturarven i heile Noreg skal ivaretakast**

Noreg sitt engasjement i den europeiske landskapskonvensjonen vektlegg eit felles rammeverk for ivaretaking av verdas viktigaste kultur- og naturarv. Satsingar som "Utvalde kulturlandskap i jordbrukskulturen" og "Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse" er med på å synleggjere og ivareta kulturmiljø, naturmangfald og landbruk. Det er gjort mykje arbeid for å fremja verdiskaping basert på kultur- og naturarv, til dømes innan reiseliv, verdiskapingsprogram og regionalparkar. Kultur- og naturarv er verdiar som naturlig må sjåast i samanheng, og utgjer ein viktig ressurs for samfunnet vårt. Kultursektoren kan vere med å fremje ei kunnskapsbasert og berekraftig forvaltning av kultur- og naturressursane. Gjennom god forvaltning av materiell og immateriell kulturarv sikrar ein kunnskapskjelder for framtida som kan bidra til berekraftige val. Dei tradisjonelle kulturuttrykka våre og praksisen for bruk og forvaltning av landskap, bygningar og lokale råvarer er kunnskap som må sikrast og gjerast tilgjengeleg gjennom m.a. undervisning, arrangement og utstillingar.

- **Krav til bruk og ombruk av bygningar og bygningsmateriale**

I tradisjonell byggeskikk nytta ein materialar av høg kvalitet som skulle vare lenge. Lafta hus er til dømes enkle å demontere, flytte og sette opp att ein annan stad, og vart difor gjerne flytta frå ein stad til ei annan. Vindauge, kledning og andre bygningsdelar skulle halde høg kvalitet, og ein skifta ikkje ut meir material enn det som var naudsynt. Fortidas menneske hadde gjerne ikkje noko anna val når det var materialmangel og god økonomi i å bruke om att bygningsdelar. Dette var ein berekraftig måte å tenke på som kan redefinerast til dagens samfunn ved at det stillast krav til at det i nye bygningar må vere ein prosentdel ombruksmaterial, og det må lagast eit godt system for å sikre tilgang til brukte material. Slik kan ein gjere det til eit overordna mål i kulturpolitikken at alle nye museumsbygg er bygg som fremjar

M U H O

berekraft og innovasjon, gjerne av ombruksmaterial. Her kan musea ta ei rolle i å i større grad legge til rette for nytte av brukte material, både i nybygg og i restaurering og vedlikehald av eldre bygg.

Musea forvaltar nesten halvparten av dei best bevarte verna bygningane i landet, nesten 5 000 kulturhistoriske bygningar i alt, der hovudformålet er å ta vare på bygg som kjelder til kunnskap og oppleveling. Dette er kjernen i vår bygningshistorie som står på musea.

2) Hva trenger din organisasjon/institusjon for å kunne legge til rette for grønne veivalg?

Det er nødvendig med eit verkemiddelapparat som er heilsakleg og på tvers av departement. Vi opplever i dag at därleg samhandling mellom KUD og KLD om finansiering av drift og forvaltning (skjøtsel) av kulturlandskap som i høgste grad handlar om å ivareta naturmangfald. Vi treng difor føreseileg og varig finansiering for forvalting av kulturlandskap.

Offentlege myndigheter må prioritere tilskot til prosjekt ([arbeid](#)) som har fokus på klima og miljø, og inkludere musea og kulturaktørar som bidrar til å sikre arbeidet med å forvalte kunnskap om korleis menneska har levd av og med norsk natur gjennom ulike tidsperiodar med ulike tilpassingsbehov. Samstundes er vi leverandørar av grunnlag for ny kunnskap. Museumssektoren forvaltar kulturlandskap i ulike klimasoner, og her ligg viktige genressursar i husdyrrasar og kulturplantar nytta til mat og virke, samt mange raudlista og understuderte artar, som til dømes jordlevande organismar med potensielt stor påverknad på natursystema si motstandskraft og tilpassingsevne til klimaendringar.

3) Hva er det viktigste din organisasjon/institusjon kan gjøre for å bidra til grønn omstilling?

MUHO har ein sjeldan posisjon i skjeringspunktet mellom natur, kultur, forsking, forvalting, undervisning og formidling. Denne posisjonen gjev oss ei framifrå mogelegenhet til å formidle store og viktige tema på ein ny og engasjerande måte, slik som klima og berekraft. Eit viktig bidrag for oss er å ivareta våre gamle kulturlandskap som har vore i kontinuerleg drift i fleire tusen år, med ein berekraftig produksjon av mat og virke som har bidratt til eit stort og unikt biologisk mangfald og eit

M U H O

produksjonssystem i balanse med naturen. Forsking viser at desse gamle kulturlandskapa er robuste mot klima og miljøkrisa vi står midt i no. Kunnskapen og erfaringane MUHO har med desse eldgamle produksjonssistema er svært viktig for framtida for å sikre genressursar og matsikkerheit. Satsinga Naturrom Lygra bygger på vårt kulturlandskap og forskinga på dette, samt arbeidet i UNESCO Biosfæreområdet som vi er del av. Prosjektet vil gi oss nye mogelegheiter til å nå og engasjere publikum i nokre av vår tids største spørsmål: korleis skal vi leve og produsere mat på ein måte som tek vare på klima, natur og menneske? Realiseringa av dette prosjektet er ein nøkkel for at MUHO skal nå sine strategiar og grunnfeste sin posisjon som brubyggar mellom forsking, forvalting og allmenta, og bidra med kunnskap for ei berekraftig samfunnsutvikling.

- **Museet som arena for samfunnsdebatt**

Naturrom Lygra koplar mål om å vidareutvikle musea si aktive rolle som arena og møteplass for samfunnsdebatt og kjelder til danning, opplysning og myndiggjering med behovet for å bygge sterke fagmiljø. Kunnskapsproduksjon gjennom mange år ligg som eit solid fundament for prosjektet.

Som del av satsinga Naturrom Lygra har Museumssenteret i Hordaland v/Lyngheisenteret produsert ei vandreutstilling med tittelen “Sirkulære Nordhordland”, som tar for seg ressursbruk og berekraft i regionen på ein særskindig og engasjerande måte, og som relaterer seg til fagarbeidet i museet. Utstillinga opna på Biosfæredagen 30. mai, der vi mellom anna inviterte innbyggjarar til debattkveld med føredragshaldarar frå offentleg forvaltning og akademia for å utdjupe tema som vert belyst i utstillinga. Utstillinga skal vidare turnere i alle kommunane i Biosfæreområdet i 2024/2025, saman med eit omfattande pedagogisk undervisningsopplegg retta mot dei 8500 elevane i regionen. Delar av turneen går også inn i den kulturelle skulesekken i Vestland fylke. Utstillinga vil bli ein relevant arena for debatt og engasjement for innbyggjarane i regionen, og blir ein integrert del av Naturrom Lygra når det står ferdig.

Musea er viktige formidlings- og læringsarenaer som tilbyr kurs, foredrag, utstillingar og undervisning, kor kunnskap knytt til berekraft er sjølvsagt. Gjennom samarbeid med utdanningssektoren kan vår kunnskap gjerast tilgjengeleg for elevar og studentar i samanheng med relevante utdanningsløp (skjøtsel av kulturlandskap, tekstilkunnskap,

tradisjonell byggeskikk). Dette er eit felt som kan vidareutviklast gjennom utvikling av nye studieprogram og praksisplassar i museet.

MUHO er i ferd med å utvikle eit engasjerande digitalt spel som tek utgangspunkt i den freda garden Havrå og korleis ein kan bruke kunnskap frå drifta til å gjere gode val og løyse ulike dilemma knytt til berekraftig drift. Prosjektet har fått tilskot frå VLFK og er under utvikling. Tilbodet er mynta på ungdom og vidaregåande skule.

- **Berekraftig forvaltning av kulturhistoriske bygningar**

Musea kan vere sentra for ei berekraftig forvaltning av kulturhistoriske bygningar. Ved musea inngår bygningane i eit breitt spektrum av aktivitetar som har til formål å forvalte, forske i og formidle kunnskap og opplevelingar i ein samfunnsrelatert kontekst. Formålet med å bevare bygningar på museum er ikkje berre å vise korleis husa såg ut før, eller korleis dei blei brukte, men også å formidle kunnskap om korleis dei blei bygde. Derifrå er det nærliggande å gjera seg sjølv relevant gjennom å vise kva denne kunnskapen kan ha å seie for ein meir berekraftig produksjon, bruk og vedlikehald av bygningar. Musea har ansvar for ein vesentleg del av bygningsvernet i landet, og kan, i større grad enn for bygningars som framleis skal ha ein funksjon i samtida, stille høge krav til måten bygningane blir forvalta på. Bevaring, gjenbruk og ny bruk av eksisterande bygningsmasse kan vera eit bidrag til reduksjon av CO₂-utslepp. Tømmer bind dessutan CO₂. Bevaring av gamle hus er såleis eit bidrag til å hindre utslepp av klimagass. Musea forvaltar kunnskap om bygningars og byggeprosessar som kan få ny aktualitet i leitinga etter klimavennlege løysingar, både i ein bygge-, bruks- og vedlikehaldsfase.

- **Berekraftige nybygg**

Nokre av hovudpunktene i regjeringa si klimaplan er reduksjon av utslepp, forsking, innovasjon og teknologisk utvikling. Bygginga av såkalla samlingssentrum kan innehalde alle desse aspekta. I Sverige og Storbritannia har staten sett ein standard for berekraftige magasinbygg, og nye magasin må byggjast etter denne standarden for å få tilskot. Er det mogleg å gjere det same i Noreg? I Danmark og Nederland har ein bygd såkalla lågenergimagasin, som i prinsippet klimatiserer seg sjølv med minimal bruk av energi. Bygningane nyttar seg av jordvarme kombinert med avfuktning og ein godt isolert bygningskropp for å sikre eit stabilt klima for museumssamlingane gjennom året. Vi treng å få erfaring med denne måten å bygge på i ein norsk samanheng. Her

krevst det forsking, innovasjon og samarbeid mellom ulike fagmiljø. Målsettinga er magasinbygg som er billige å bygge og drifta, og som har eit ekstremt lågt energiforbruk. Erfaringar frå Danmark syner at byggekostnaden kan reduserast for nybygg når ein får erfaring med denne byggemåten og gjer det fleire gonger. Her kan MUHO ta ei rolle i å utvikle ein modell for eit magasin med overføringsverdi til andre museum.

Musea sjølv kan arbeide for ei meir berekraftig forvaltning av samlingane, med tydelege retningsliner for kva som er viktig å bevare, slik at ein ikkje bruker ressursar på å lage gjenstandar som ikkje skal vere ein del av samlingane. Det er viktig å ha gode lokale for å arbeide med samlingane, som legg til rette for høg grad av samarbeid og ei moglegheit for å sjå samlingane i samanheng på tvers av ulike institusjonar.

Migrasjon

Endra klima fører til at menneske må flytte på seg og etablerer seg nye stader, noko som kan skape konfliktar, uro og motstand. Migrasjon har gått føre seg gjennom alle tider, og musea kan belyse dette både i historisk og samtidsperspektiv, og vise til korleis endringar og mangfold som følgje av kulturmøte er ei stadig prosess og utvikling. Musea kan på den måten bidra til sosial berekraft i form av forståing for migrasjon som følgje av klimautfordringar og manglande ressursgrunnlag.

Tekstilbransjen og berekraft

Tekstilbransjen står ovanfor store endringar grunna därlege arbeidsforhold (negative konsekvensar sosialt), overproduksjon (behov for endring i forretningsmodellar knytt til økonomi) og forureining (store miljøkonsekvensar). EU sin tekstilstrategi har som mål å få på plass eit rammeverk for sirkulære prosessar som både er berekraftig og regenerativ, samt motstandsdyktig (resilient). MUHO v/Tekstilindustrimuseet ynskjer å vere relevant i samtida, og jobbar difor no på tvers av sektorar for å dele kompetanse om tekstilindustrien sin påverknad på natur, klima og sosiale forhold, for å auke kunnskapen i samfunnet og sikre regenerative forretningsmodellar. Museet har mellom anna starta opp arbeid med ei ny basisutstilling som har tittelen "Rett og vrang", som både skal gje ny kunnskap om tekstilbransjen i dag sett i samanheng med fortid og framtid, men som også skal vere ein verkstad og møteplass for alle som

ynskjer å lære og dele handboren kunnskap. Dette trur vi vil vere eit viktig bidrag for å sikre at ein får kompetanse og kunnskap til å ta berekraftige val som sikrar grøn omstilling.

Avslutning

Vi vonar at arbeidet med å få på plass klima- og miljømål fører til at Kulturdepartementet anerkjenner skjøtsel og forvaltning av kulturlandskapa som del av musea si samlingsforvaltning og dermed del av det grunnleggjande museumsarbeidet som må finansierast med driftstilskot. I fleire tiår har dette arbeidet vore finansiert av årlege tilskot frå annan hald, og vi har i 2024 blitt hardt ramma av endringar i tilskotsrammene frå departementet som ikkje har hovudansvar for musea.

Vi meiner at klima- og miljømåla må vere retningsgivande for til dømes tilskot til nasjonale kulturbygg, der prosjekt som treff godt på måla, må prioriterast og retter merksemda mot vår søknad til nasjonale kulturbyggordninga om kr 4 millionar i tilskot til realisering av nytt utstillingsbygg og formidlingsarena “Naturrom Lygra”, kor vi set fokus på dagens ressursbruk, gjev publikum tilgang til nyare forsking, talmateriale og inviterer dei til å engasjere seg i korleis vi saman kan skape eit berekraftig samfunn.

Med venleg helsing

Elisabeth Halvorsen
Direktør
MUHO